



DET KONGELEGE  
KULTURDEPARTEMENT

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Dykkar ref

Vår ref

Dato

18/3084-2

20. juni 2018

### **Fotballhall og rehabilitering av kunstgrasbane - Meland kommune - idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning -**

Kulturdepartementet har motteke brev datert 14. mai 2018, med søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av planane for fotballhall og rehabilitering/justert plassering av kunstgresbane, Meland kommune.

Departementet har vurdert planane og godkjenner desse med merknader:

- Det blir føresett at kunstgrasdekket oppfyller funksjonskrava frå NFF og at det blir levert felttest av kunstgrasdekket etter overlevering.
- Det blir føresett at anlegget er gjort tilgjengeleg for brukarar med nedsett funksjonsevne og at tribune, garderobe, dusjrom og HCWC er utforma og utstyrt i samhøve med rettleiar for universell utforming av idretts- og nærmiljøanlegg (V-0511, 2012)

Det kan søkjast om tilskot på 1/3 av kostnadene inntil:

- 5,0 mill. kroner til fotballhall (spilleflate 40x64m) med 2 sett garderobar og lager for fotballmål.
- 1,0 mill. kroner for lokaler for vedlikeholds-, drifts- og idrettsmateriell.
- 1,86 mill. kroner til kunstgrasbane (aktivitetsflate 60x90 m pluss sikkerhetssoner).

Det er 15 år sidan kunstgrasbane ble bygd og det gjenstår 5 år før ein kan søkje om spelemidlar til rehabilitering av bana. Ei tidleg ombyggingen medfører at ny tilskotssum skal trekkes fra 5/10 av gammelt tilskot. Dvs. eit fratrekk på kr 690 000,- fra **godkjend søknadssum**

Eit sett med planar følgjer i retur, påført departementet sitt godkjenningsstempel.

Postadresse  
Postboks 8030 Dep  
0030 Oslo  
postmottak@kud.dep.no

Kontoradresse  
Grubbegata 1  
www.kud.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org.nr.  
972 417 866

Avdeling  
Avdeling for  
sivilsamfunn og idrett

Saksbehandlar  
Frode Langø  
22 24 80 75

Skulle planane for anlegget bli endra, må nye oppdaterte planar for anlegget sendast til departementet for fornya idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning. Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning gjeld for 2 år. Det kan søkast om forlenging.

Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning må liggje føre byggjearbeidet blir starta og gjev ikkje garanti for tilskot frå spelemidlane.

Med helsing

Ole Fredriksen (e.f.)  
avdelingsdirektør

Frode Langø  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar*

Kopi

Hordaland fylkeskommune